



Brit Margrethe Dale frå Stord har fått grønt lys for bygging av hytte like ved Jektholmen på Skorpo.

Men det er framleis uvisst om ho får dispensasjon og løyve til å byggja flytekai med treplattung.

I forvaltningskomiteen i dag var røystetalet 6-3 for at ho skal få dispensasjon. Dei 3 stemte for at komiteen skulle gjera om tidlegare vedtak og ikkje gje dispensasjon. frå reguleringsplanen eller frå kommuneplanen sitt sjøareal.

Flytekaien blir på 3 X 6 meter og treplattung skal liggja på ymse nivå opp til hytta.

Det heiter i tidlegare vedtak i komiteen at fordi Skorpo ikkje er landfast, er det naudsynt å ha nødvendige kaifasilitetar for å kunne lenda trygt.

Søkjaren meiner ein lyt sjå bort frå byggjeforbodet i 100.metersbeltet i denne saka.Ho peikar også på at einaste tilkomst til eigedomen er privat båt.

Ved å leggja båtar i naustområdet som er avsett i reguleringsplanen vil ein sperre av sundet mellom Skorpo og holmen.

Det er også ganske grunt og ikkje eigna til båt plass der,påpeikar ho.